TUN PÅ NY – MØTE MED FOLK OG STAD

Stadanalyse Reed
Arbeidsbok – Innleiing

Bilete syner naustrekkja i naustallmenningen ved Breimsvatnet. Foto: Mona Elisabeth Steinsland

STADANALYSE REED

Feltarbeid (registrering og drøfting)
Kartlegging og analysar
Konsept og skisser

Oppdragsgjevar: Gloppen kommune
Medspelar: Sogn og Fjordane fylkeskommune
Framstillinga er beskytta av åndsverklova.
Publisert: August 2019
Sjå også arbeidet på Facebook: Stadanalyse Reed

I arbeidet har vi nytta `Reed` om det vi i dag tenkjer på som staden Reed, medan vi har nytta `Re` om den historiske garden Re (gard nummer 100 i Gloppen kommune).

Produsert i samarbeid mellom:
Sogn og Fjordane fylkeskommune
Mona Elisabeth Steinsland
Tlf. 57 63 81 18
Rådgjevar, fylkesrådmannen - stab
Askedalen 2, 6863 Leikanger

Nordplan AS
Siri Lund
Tlf. 958 53 803
Boks 224
Eidsgata 45
6771 Nordfjordeid
Sentralbord: 57 88 55 00
www.nordplan.no
www.facebook.com/Nordplan

INNHALD

OM ARBEIDET side 4
Kva
Kvar
For kven og kvifor

ARBEIDSMÅTE OG MEDVERKNAD side 6
Prosjektomtale – stadanalyse Reed
Bakgrunn
Føremål
Eitt år på Reed
Feltarbeid
Open Form
Medverknad

ERFARINGAR OG ETTERTANKE side 9
Den gode samtalen
Kontinuitet og rytme

FRAMDRIFT OG PROSESS side 10

KART (Reed i Sogn og Fjordane) side 12

FOLKETAL side 13

OM ARBEIDET

Til pilotarbeidet på Reed har vi laga eit dokument med fire steg (delar/ arbeidsbøker), samt ei innleiing. Arbeidet er vist med visuelle uttrykk, bilete av tilhøva på Reed. Materialet er strukturert slik at prosessen og arbeidsmetoden kjem fram, og for at andre stader med andre tilhøve likevel kan nytte dette.

Kva: `Stadanalyse Reed` er eit pilotarbeid. Ei analytisk kartlegging og visuell framstilling utvikla i møte med folk og stad, over tid. Demokratisk, aktiv og deltakande medverknad på staden, gjennom feltarbeid, opne kontor (feltkontor), bygdatreff, samtalar, presentasjonar, ordskifte, skissering og synfaringar. Arbeidet i felten gjekk over eitt år for å sjå skifta i dei fire årstidene (vår, sommar, haust og vinter) på Reed. Arbeidet er tufta på lokalt engasjement og erfaringsbasert lokal kunnskap.

Kvar: Reed i Gloppen kommune, Sogn og Fjordane. Reed er del av Breimsbygda, og Breimsdalen er felles landskapsreferanse.

For kven og kvifor: Arbeidet er meint som bakgrunn for plan- og utviklingsarbeid på Reed, og skal vere til hjelp i samvirket mellom Reed-samfunnet og Gloppen kommune. Dei som bur på og brukar Reed er kvalifiserte til å rå med situasjonen, og har medansvar for utforming av staden. Utviklingsarbeid og utforming av konkrete tiltak; arkitektur, landskap og planar skal vise at innbyggjarane er deltakande.

Arbeidsprosessen: Feltarbeid 2013 – 2014. Arbeidet er vist i lokalavisa Firda Tidend, på heimesida til Gloppen kommune og på Facebook.

Framhald i 2015 – 2016; Synfaringar, ordskifte, skissering på staden og framstilling til konkrete tiltak etter førespurnad frå Gloppen kommune. Siste framsyning av arbeidet var for kommunestyret i Gloppen kommunen i april 2016.

Publisering 2019.
Sist endra: 22.08.2019

Takk til dei som har bidrege med innspel og referansar:
Berit Gjærland, Sogn og Fjordane fylkeskommune
ØKOLOG Christian E. Mong
Jo Tore Kristoffersen, Sogn og Fjordane fylkeskommune
Knut Ivar Åland, Sogn og Fjordane fylkeskommune
Siren Skråmestø Juliussen, Fjaler kommune
Vigdis Lobenz, Statens vegvesen
Deltakarane på regionalt planforum på Reed 1.oktober 2014

Ekstra takk til:
Gloppen kommune, Reed-samfunnet for ihuga engasjement, Kirsten Kleppe Lyslo, Åsta på bu- og servicesenteret og born med vaksne i Breim barnehage for deltaking.

Kjelder:
Dei fleste karta er hentet fra Fylkesatlas Sogn og Fjordane.
Bygdebok for Breim (gamle foto og kart).

ARBEIDSMÅTE OG MEDVERKNAD

Prosjektomtale - stadanalyse Reed

Felles inngang for arbeidet er å opne for nye tankar og å sjå Reed på ny. I arbeidet er det viktig å sjå etter alternative konsept og løysingar i samfunnsplan, arkitektur og landskapsarkitektur, og opne opp for at samfunnet på Reed kan utvikle seg.

Bakgrunn

Reed er eit lite bygdesenter i Gloppen kommune i Sogn og Fjordane. Reed ligg fint til ved Breimsvatnet, har lenge vore eit kommunikasjonssenter og var i perioden 1886 til 1964 administrasjonssentrum i Breim kommune. Bygda er i hovudsak å sjå på som ei jorbruksbygd, med nokre mindre handels- og serviceverksemder etablert i Reed sentrum. Gloppen kommune vedtok revidert arealdel til kommuneplanen i 2009 og starta same år arbeid med reguleringsplan for Re-fjæra, mellom anna med utgangspunkt i arealdelen. Gjennom høyring av planforslag har det kome ei rekkje merknader som krev analyse og vurdering av eit større område. Kommunen har i samråd med fylkeskommunen kome fram til at ei stadanalyse for Reed-området truleg vil vere til god hjelp for å kome vidare i reguleringssaka.

Føremål

Stadanalyse til hjelp i reguleringsarbeid. Kartlegge og synleggjere natur- og kulturverdiar som Reed kan byggast vidare på. Skissere løysingar for vidare utvikling på Reed, med særleg fokus på utbygging og vern. Finne mogleg utbyggingsareal (gjeld bustadutbygging, naust og anna) der det er teke omsyn til fellesverdiane når det gjeld kulturminna, natur og miljø.

Arbeidsmåte

Arbeidsmåten har vore feltarbeid; å møtast og arbeida ute i situasjonen, vere synlege på staden, møta og arbeida med folk og sjølv erfare Reed-samfunnet. Analysearbeidet er først og fremst gjort på staden og laga ut i frå ei direkte oppleving av bruken av kvardagslandskapet, vêr og vind, og folk.

Metoden og prosessen har gjeve erfaringsbasert kunnskap og tilgang til lokal kunnskap om Reed. For å sjå og framstille stadleg særpreg, eigenart, naturlege føresetnader og lokal erfaringsbasert kunnskap er det trong for å vere synleg, ute i felten, arbeide og snakke med folk, i størst mogleg grad.
Det er viktig å slå fast at Reed-samfunnet har eit kollektivt ansvar for endringar på staden. Det er også naudsynt at kvar einskilt person tek ansvar. I arbeidet har menneske kome først og med von om at kvar einskilt sjølv ser høve for å delta i ein demokratisk og open prosess som dette. I så tilfelle har vi skapt uformelle og klare møtestadar og øvingar som tek tak i felles verdiar. Slik vert alle sett og høyrt, og har hatt høve til å delta aktivt i arbeidet.

Arbeidet med stadanalyse på Reed har vore ein kontinuerleg prosess med aktiv og delaktig kartlegging, analyse og skissering i samvirke med folk og stad. Stadanalysen har soleis vorte eit alternativ.

Stadanalysen har vore og er meint som eit levande og dynamisk arbeid med rom for det uventa og det ukjende. Staden og samfunnet på Reed er, og har vore, i endring. I dette arbeidet har det vore viktig å sjå, vise og drøfte felles verdiar særskilte for Reed og at folk tek kollektivt ansvar for å ta vare på natur- og kulturverdiane gjennom bruk, ombruk og vern. I dette arbeidet vart den demokratiske og opne medverknaden gjort ved hjelp av opne kontor, synfaringar, gjennomgangar, presentasjonar, bygdatreff, allmenne og individuelle ordskifte,
konkrete øvingar og skissering på staden – for dei som bur på staden.

Eitt år på Reed

Å få med seg ein heil årssyklus var fruktbart med tanke på å sjå og erfare skifta i bruken av landskapet, vêr og vind, og andre naturlege føresetnader. I tillegg gjev eitt år rom for modning og ettertanke. Dette var naudsynt for å sjå nyansane på staden. Det var trong for å arbeide med folk på staden over tid for å læra staden å kjenne, få tak i skifta, nyansar, livet, erfaringar og lokal kunnskap og stadlege særtrekk.

Feltarbeid

Det var naudsynt å vere synlege på staden over tid og i fleire omgangar. Slik fekk vi kontakt og hadde gode samtalar med einskilte menneske og ulike grupper. Vi inviterte også med oss andre fagfolk inn i ordskifta og klargjeringa av arbeidet (Siren Skråmestø Juliussen, Christian E. Mong, folk frå Gloppen kommune, kulturavdelinga i Sogn og Fjordane fylkeskommune og regionalt planforum). Vi trong tverrfagleg drøfting for å klargjera bakgrunnen.

Open Form

Arbeidet med Pilot Reed er basert på teorien om open form (i motsetting til lukka form) som arbeids- og formingsmåte. `Open form` eller `formuttrykka for dei mange` (fleirtalsform) tyder her ny form og i arbeidsmåte nye og ulike metodar. Målet er ein open og styrka demokratisk prosess, som skal sikre individets interesser og særpreg, stadlege fellesverdiar (i natur og kultur) og klårgjera felles føresetnadar (føresegner/ reglar) for handlingane til menneska på Reed.

Open form og fleirtalsforming er basert på eit berekraftig konsept, der vi tek tak i stadlege ressursar og særpreg, i klima, natur og kultur, historie og bruk, med eiga erfaring og kunnskap om staden, aktivitet, vilje og interesse for samfunnet (ei berekraftig utvikling, samfunnsplanlegging og stadforming).
I open form søkjer ein eit balansert høve mellom natur og menneskelege handlingar (inngrep i naturen).

Medverknad

Open visuell og fysisk dialog, drøfting og klårgjering stegvis i arbeidet. Invitere folk til å kome med opplysningar, sjølvstendige syn, bruk og erfaring med staden.
Gloppen kommune har vore til hjelp i høve det praktiske.

Ansvar

Innleigd konsulent er fagleg ansvarleg for det som blir utarbeidd.
Gloppen kommune, kulturavdelinga og plan- og samfunnsavdelinga i fylkeskommunen har vore tilgjengelege som faglege diskusjonspartar i arbeidet.

Planansvar

Gloppen kommune.

Grunnlagsmateriale

Gloppen kommune har hatt hovudansvar for å stille med bakgrunnsmateriale og kartgrunnlag.

ERFARINGAR OG ETTERTANKE

Den gode samtalen

Det vart lagt vekt på ein open prosess og alltid tilgjengeleg materiale og dokumentasjon. Vi nytta mellom anna Facebook, annonsar og artiklar i lokalavis, og kommunen si heimeside til dette. Prosessen vart lagt opp som ein allmenn og open invitasjon for at alle kunne delta. Det har vore opp til kvar einskilt å delta. I tillegg til at alt materialet har lagt ope og tilgjengeleg i fleire fora, har Pilot Reed på førespurnad vore presentert og drøfta i kommunen av forfattarane. Dette er vi glade for, og det er nyttig at arkitektane kjem og presenterer ved høve der utforming av og framtida til staden skal drøftast.

Kontinuitet og rytme

Det vart halde opne kontor med særskilte emne:
1. Landskap og bruk av dette (ulike målestokkar).
2. Aktivitet før og no, og minner, med ulike aldersgrupper.
3. Ope bygdatreff med framsyning og ordskifte om arbeidet.
4. Presentasjon av konsept og skisser til plan, synfaring og skissering i full måletokk (1:1) på plassen.

Dette fungerte med omsyn til å få tak i landskapet, aktivitetane, samanheng mellom fortid og notid. Dette blei bakgrunnen til å skissere mogleg endring/ utvikling.

Framlegg til konsept og skisser vart drøfta i Ope kontor 3. Deretter vart skissa arbeida med etter innspela, og så vart skissa presentert på ny på Ope kontor 4.

Synfaringane blei gjort innimellom og delvis uavhengig av opne kontor. Sjølve analysearbeidet føregjekk det året ein var på Reed. Det som er gjort av arbeid i etterkant har dreidd seg om å sortere og strukturere det innsamla materialet gjennom året, samt få til ei klar og meiningsfull framstilling. Vi fekk ikkje godt nok tak i ungdommen. I vidare arbeid må dei få kome til med sine synspunkt og idear.

FRAMDRIFT OG PROSESS

Gloppen kommune

Kunngjering

Pilot Reed 2013 – open form i samfunnsutvikling

OPPSTART STADANALYSE VÅREN 2013 PÅ REED

Arbeidet skal opne for nye tankar og sjå Reed på ny. Vi ser etter alternative konsept og løysingar i samfunnsplan, arkitektur og landskapsarkitektur og korleis samfunnet på Reed kan utvikle seg.

Gloppen kommune vedtok revidert arealdel til kommuneplanen i 2009 og starta same år arbeid med reguleringsplan for Re-fjøsa, mellom anna med utgangspunkt i arealeisten. Gjennom høyring av planforslag har det kome eit rekkje merknader som krev analyse og vurdering av eit større område. Kommunen har i samråd med fylkeskommunen kome fram til at ei stadanalyse for Reed-området truleg vil vere til god hjelp for å kome vidare.

Analysearbeidet består i å kartlegge og synleggjere natur- og kulturverdiar på Reed. Arbeidet tek tak i stadens klima, landskap, historie, bruk, ferar og dialog og synleggjer felles verdiar, eigenskapar og resursar staden kan byggast vidare på. Stadanalysen vert bakgrunn for nye skisser til løysingar for utvikling, basert på likeverdi mellom bruk og vern, gamalt og nytt på Reed.

REED KALENDAR 2013 – 14

Arbeidet er lagt opp etter årets ulike årstider og vi vil kome til Reed i sommar, i haust, til vinteren og til våren.

Særskilt til dette arbeidet ønskjer vi å lage eit eige feltkontor på Reed. Feltkontoret på Reed er ***OPE måndag 8. juni kl 10.00 – 16.00.*** Feltkontoret finn de i bygget til tidlegare Teina barnehage, på oppsida av E39 ved Coop Marked Reed og Reed-loma.

Alle innbyggjarar og gjester på Reed er inviterte og kan kome med eitt syn, bruk, kunnskap og erfaring med staden.

De kan også sende eventuelle opplysningar/merknader til Gloppen kommune, Grandavegen 9 6823 Sandane eller til post@gloppen.kommune.no. Merk dykkar merknad med ***Pilot Reed 2013 – start stadanalyse.***

Vi ser fram til å treffe deg på vårt OPE KONTOR på Reed.

Ta kontakt eller ønskje og behov. De kan kontakte Kristine Dahl, leiar for samfunnsutvikling, tilrettelegging og forvaltning i Gloppen kommune og Mona Elisabeth Steinsland, sivilarkitekt og rådgjevar på plan og samfunnsavdelinga i fylkeskommunen.

gloppen.kommune.no

Kunngjering i Firda
29. mai 2013.
Publisert på Fb
18. juli 2013

`Ope kontor 1` 13. juni 2013

Vil sjå Reed med nye auge

Vil lage stadanalyse for Reed

Hadde feltkontor på Reed måndag

– Vi gler oss over arbeidet

Oppslag i Firda Tidend
10. juli 2013.
Publisert på Fb 18. juli 2013

PILOT REED 2013 – STADANALYSE OG SKISSE TIL REGULERINGSPLAN

OPE KONTOR I TEINA,
PÅ REED
TORSDAG 31.OKTOBER 2013
KL. 10 – 18

FELLES VERDIAR, HAUST INNTRYKK OG AKTIVITETAR PÅ REED/I DET STORE LANDSKAPET

KVA SKJER PÅ REED?

VI YNSKJER Å MØTA DEI GAMLE PÅ REED, PÅ REEDTUNET KL. 10.30 – middag
Kva kan du fortelje om Reed? Vil du fortelje om din barndom/oppvekst på Reed?
Dykkar syn på Reed er viktig for arbeidet med stadanalysen og skisse til reguleringsplan for Reed.

GLEDAR OSS TIL Å MØTE BARNA PÅ REED, PÅ OPE KONTOR KL. 13 - 15
Vi er lurer på kva Reed-barna gjer på!

VI YNSKJER Å MØTA UNGDOMEN PÅ REED, PÅ OPE KONTOR KL. 16 – 18
Kva meiner ungdomen om Reed? Kvar held ungdomen seg på Reed og kva gjer de på? Dykkar syn og framtidsutsikter er viktige når vi no lager stadanalyse og skisse til reguleringsplan for Reed. Det vert å arbeide på kart, litt i tekst og ei økt ute på Reed. Vi server noko enkelt å eta og drikke til. Ser fram til å møta dykk på kontoret i Teina. Kle dykk godt i høve til veret.

ALLE ER VELKOMNE TIL Å STIKKE INNOM PÅ OPE KONTORI TEINA!
Kontaktpersonar: Kristine Dahl (Gloppen kommune), Siri Lund (Nordplan), Mona Elisabeth Steinsland (Sogn og Fjordane fylkeskommune). Foto: Mona Steinsland

Innbyding til ope kontor. Publisert på Fb
27. oktober 2013

Oppslag i Firda Tidend
24. november 2013 frå ope kontor
31. oktober 2013.
Publisert på Fb 3. februar 2014

Kunngjering av fotokonkurranse.
Publisert på Fb 14. april 2014



Publisert på Fb
22. april 2014

Presentasjon frå ope bygdatreff 28. april 2014.
Publisert på Fb 7. mai 2014

Publisert på Fb 4. juni 2014

Publisert på Fb 4. juni 2014



Presentasjon planforum 1. oktober 2014.
Publisert på Fb 17. desember 2014

Presentasjon for Gloppen kommune 14. april 2016. Publisert på Fb 20. mai 2016

REED I SOGN OG FJORDANE



FOLKETAL

Breimsdalen omfattar Reed, Råd/Bø, Hetle, Hole og Byrkjelo.

Folketal i grunnkretsen Re:
Pr. 1. januar 2015: 162 personar
Pr. 1. januar 2016: 147 personar
Pr. 1. januar 2017: 156 personar
Pr. 1. januar 2018: 153 personar

Folketal på Reed:
Pr. 1. januar 2015: 371 (177 menn og 194 kvinner)
Pr. 1. januar 2016: 360 (172 menn og 188 kvinner)
Pr. 1. januar 2017: 366 (182 menn og 184 kvinner)
Kjelde: SSB.no

N



Kart over Breimsdalen